
Saksnr: 2022/77810-24
Saksbehandlar: Atle Skrede, Rune Åland

Saksgang

Utv.aksnr.	Møtedato
Utv.aksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering	17.11.2022

Tildeling av tilskot til drift av skianlegg for langrenn/turlangrenn i Vestland**Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver tilskot til drift av skianlegg for langrenn/turlangrenn slik:

Nr	Anlegg	Anleggseigar/søkjar	Vertskommune	Søknadssum	Tilråding
1	Langeland skisenter	Langeland ski og fritidssenter AS	Sunnfjord	50 000	50 000
2	Sjusete skisenter	Sjusete skisenter	Kvam	50 000	50 000
3	Totræna Vinterpark	Samnanger IL	Samnanger	50 000	50 000
4	Ullsheim	Markane IL	Stryn	50 000	50 000
5	Drevtjørn ski og tursenter	Ulvik IL	Ulvik	50 000	50 000
6	Harpefossen Skisenter	Haugen IL, Stårheim IL og lokal hyttegrend	Stad	50 000	30 000
7	Dalane skianlegg	Bulken IL	Voss	30 000	30 000
8	Fellesanlegget Tua	Eid IL, Heia IL og Eidsbygda skyttarlag, Eid jeger og fiskelag	Stad	50 000	30 000
9	Totland og Frotveit	Fana IL	Bergen	50 000	30 000
10	Sogn Skisenter AS	IL Bjørn, Hafslo IL, Luster IL og Luster kommune	Luster	50 000	30 000
11	Sogndal Skisenter Drift AS	Sogndal kommune, Sogndal IL og private som del av AS utan utbytteformål	Sogndal	50 000	30 000
12	Seimsåsen Aktivitetssenter	Årdalstangen IL	Årdal	50 000	30 000
13	Vik Skisenter	Vik IL	Vik	50 000	30 000
14	Kleivane skisenter	Fjellhug/Vereide IL	Gloppen	40 000	10 000
15	Lysløype Hjelledalen	Oppstryn IL	Stryn	10 000	0

16	Nordsida løypenett	Veten IL	Stryn	50 000	0
17	Voss ski- og tursenter	Voss ski- og tursenter AS	Voss	50 000	0
18	Instedalen Skianlegg	Tambarskjelvar IL, Sunnfjord kommune	Sunnfjord	35 000	0
19	Rivedal Skiløype	Askvoll og Holmedal IL	Askvoll	50 000	0
20	Haukåsen	Haukåsen skiløypelag	Kvam	25 000	0
21	Fardalen skisenter	IL Jotun	Årdal	50 000	0
22	Leirdalen skianlegg	IL Bjørn	Luster	50 000	0
				1 020 000	500 000

Tilskotsordninga vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2022 frå post 460.114, drift av skisenter.

Samandrag

Fylkestinget vedtok i desember 2021 å sette av 500 000 kroner til tilskotsordning til drift av skianlegg for langrenn/turlangrenn. Kriteria for denne ordninga vart vedteke av hovudutvalet i september 2022 og deretter lyst ut med søknadsfrist 14. oktober. Innan fristen kom det inn 22 søknader med god fordeling mellom store, mellomstore og mindre anlegg geografisk godt fordelt i heile fylket. Skikrinsane i Vestland har bidrege i vurderinga av dei innkomne søknadane.

Godt tilrettelagde skiløyper for langrenn og turlangrenn har stor betydning for den enkelte, for idretten og kan ha samfunnsmessig betydning for betre folkehelse. Tilskotet i denne ordninga skal stimulere til relativt hyppig løypekøyning i anlegg som fyller regional funksjon som utfartsåre. I tillegg bør anlegget ha kapasitet til å gjennomføre regionale konkurransar.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur, idrett og inkludering (KII)

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Skianlegg har ein viktig funksjon som sosial møteplass, arrangement-stad for trening og konkurransar for lokale, regionale, nasjonale og i enkelte tilfelle internasjonale konkurransar. Aller viktigast er likevel skianlegga som ei viktig utfartsåre for rekreasjon, trening og friluftsliv for å utøve fysisk aktivitet som betrar helsa til den enkelte og for folkehelsa. Mange anlegg er eigd av frivillige lag og organisasjonar med marginale inntekter, som gjer at brukarane må ta størstedelen av kostnadene. Det kan vere krevjande å sikre drift av løypekøyning, særleg i ei tid med høge drivstoffutgifter. Skianlegga kan ta betalt for parkering for drift av brøyting m. v. Løypeavgift er ei frivillig avgift for brukarane å betale.

Fylkestinget vedtok i desember 2021 å sette av 500 000 kroner til tilskotsordning til drift av skianlegg for langrenn/turlangrenn. Kriteria for denne ordninga vart vedteke av hovudutval for kultur, idrett og inkludering 14. september 2022 (PS 120/2022), og deretter lyst ut med søknadsfrist 14. oktober. Innan fristen kom det inn 22 søknader med god fordeling mellom store, mellomstore og mindre anlegg geografisk godt fordelt i heile fylket. Fylkesdirektør tilrår å gje 14 søkarar tildeling og gje 8 avslag. Skikrinsane i Vestland er tekne med på råd ved tildelingane. Dei har og bidrege til ei kartlegging av skianlegga i fylket for å få ei samla oversikt.

Godt tilrettelagde skiløyper for langrenn og turlangrenn har stor betydning for den enkelte, for idretten og kan ha samfunnsmessig betydning for betre folkehelse. Tilskotet i denne ordninga skal stimulere til relativt hyppig løypekøyning i anlegg som fyller regional funksjon som utfartsåre. I tillegg bør anlegget ha kapasitet til å gjennomføre regionale konkurransar.

Vurderingar

I kriteria er det lagt særleg vekt på anlegget sin verdi som regional utfartsåre for langrenn/turlangrenn, kapasitet og erfaring med å gjennomføre nasjonale og regionale meisterskap innan langrenn og skiskyting. I tillegg må vertskommunen støtte anlegget med lik eller tilsvarende sum som det vert søkt fylkeskommunen om. Alle anlegga som vert tilrådd midlar har inngått driftsavtale med verts kommunen eller har vist til årlege politiske vedtak om slik støtte. Maksimal søknadssum i denne ordninga er 50 000 kr. Nokre av søkjarane hadde ført opp høgare søknadsbeløp, men dette er redusert til 50 000 kr. Der er fleire søknader frå anlegg i Sogn og Fjordane samanlikna med Hordaland. For å sikre geografisk spreiding sett opp mot innbyggartal, er dette ei viktig del av den samla vurderinga for å få venta effekt av ordninga. I 2023 vil avdelingsdirektøren arbeide vidare saman med idretten, for å informere enno betre og breiar om denne nye tilskotsordninga.

Avdelingsdirektøren har og lagt vekt på at om det er fleire anlegg i ein kommune eller eit område søker, så vert støtta redusert i høve søknadssum. På denne måten får fleire nytte av ordninga og reduserer kostnadane for anleggseigaren enn at få anlegg skal få maksimal støtte. Konsekvensen er at 14 anlegg er tilrådd støtte mot at berre 10 anlegg om maksimal tilskot skulle bli tilrådd.

Avdelingsdirektøren foreslår å dele tilskota i to ulike summar med følgjande anlegg med tilrådd stønad på 50 000 kr.;

- Langeland skisenter AS i Sunnfjord kommune fyller regional funksjon som utfartsåre for heile Sunnfjord, trenings- og konkurransearena for regionale renn, er meisterskapsarena for nasjonale renn som Norgescup for juniorar. Dei bygger ny skiskyttarstadion med kapasitet for regionale meisterskap og har driftsavtale med vertskommunen.
- Sjusete ligg i Kvam herad og dekkjer områda Øystese og Norheimsund, samt nabokommunane. Dei har eit rikt nettverk av både langrenn og turlangrennsløyper, arrangerer regionale meisterskap både innan langrenn og skiskyting og har driftsavtale med heradet.
- Totræna Vinterpark ligg i Samnanger kommune. Samnanger IL preparer turløyper og konkurranseløyper for lokalbefolkninga. Anlegget ligg omlag 45 minuttar køyning frå Bergen med høgt innbyggartal. Dei arrangerer faste regionale renn og er i komande sesong vertskap for KM i langrenn for Hordaland.

- Ullsheim i Stryn har lange tradisjonar for nasjonale meisterskap for både seniorar og juniorar i både langrenn og skiskyting i tillegg til å vere vertskap for mange regionale renn. Dei har også ofte deltakarar frå Møre og Romsdal og har mange ulike løyper for konkurransar og har tilknytning til Turløyper Stryn og er ei utfartsåre for turlangrenn, og arrangerer også turlangrennskonkurransar.
- Drevtjørn ligg i Ulvik kommune og er eit snøsikkert område som tilbyr ulike tur og langrennsløyper og arrangerer årleg regionale renn. Anlegget dekkjer området indre Hardanger og dels Voss.

Følgjande anlegg føreslår avdelingsdirektøren å tildele 30 000 kr i støtte;

- Dalane ligg i Voss herad og dekkjer nabokommunane Vaksdal og dels mot Bergen og har andre anlegg i same kommunen som gjer at støtta vert redusert.
- Totland og Frotveit dekkjer eit viktig tilbod om både tur- og langrennsløyper på område som ligg høgare tett mot Bergen som gjer får eit ekstra tilbod utover det som ligg i lågare strøk.
- Harpefossen Skisenter i Stad har aktivt skiskyttarmiljø, arrangerer mest regionale konkurransar samanlikna med langrenn, men er eit viktig utfartsområde for deler av Stad kommune.
- Fellesanlegget Tua i Stad kommune har på same måte som Harpefossen også skiskytingsanlegg, men har meir langrennsaktivitet og grensar opp mot Ullsheim som viktig utfartsåre for turlangrenn i Indre Nordfjord og derfor vert støtta delt på fleire i denne kommunen.
- Sogn Skisenter AS i Luster har anlegg for langrenn og av-grensa turlangrenn-løyper og ligg tett opp til Sogndal skisenter Drift AS som har både langrenn og meir variasjon i turløyper. Begge anlegga fyller regional funksjon innan meisterskap i langrenn i indre Sogn og difor vert støtta delt.
- Seimsåsen aktivitetssenter i Årdal kommune har eit høgtliggande snøsikkert anlegg tidleg i sesongen og er utfartsåre for mange innbyggjarar i Årdal og Lærdal.
- Vik skisenter har ofte vore meisterskapsarena for nasjonale renn for både junior og senior i skiskyting, har også periodevis arrangert regionale renn i langrenn og fyller viktig funksjon for utfartsåre for innbyggjarane i Vik og dels Voss.
- Kleivane skisenter i Gloppen har funksjon som langrennsarena, men arrangerer få regionale renn, men som utfartsåre for turlangrenn er Utvikfjellet svært populært. Ettersom Gloppen kommune yter lågare driftsstøtte enn det som er søkt om, vert dette anlegget tilrådd tildelt 10 000 kr.

Dei anlegga der avdelingsdirektøren ikkje har funne rom for å tilrå tildeling, fyller viktig funksjon for både trening og konkurransar lokalt og er utfartsåre for færre innbyggjarar. Fleire av desse anlegga manglar driftsstøtte frå kommune og/eller fyller ikkje kriteria om meisterskap for regionale eller nasjonale meisterskap;

- Leirdalen skiarena ligg i Luster og har få skirenn og avgrensa som utfartsåre, men viktig som lokal skiaktivitet og eit snøsikkert anlegg.
- Fardalen skisenter i Årdal kommune har lokale skirenn, men har avgrensa funksjon som utfartsåre og der er fleire anlegg i same kommune.
- Rivedal skiløype i Askvoll har ingen regionale skirenn, svært avgrensa sesong og lite nedslagsfelt.
- Instedalen skianlegg i Sunnfjord er viktig som arena for skileik og trening, men ingen regionale renn og ligg tett opp mot Langeland som regional utfartsåre.
- Nordsida løypenett i Stryn er viktig for lokal skiaktivitet, ingen regionale renn, ligg tett opp til Ullsheim som utfartsåre.
- Lysløype Hjelledalen i Stryn vert vurdert tilsvarande som Nordsida løypenett.
- Voss ski og tursenter har viktig funksjon som trenings-, konkurransearena og utfartsåre, men får allereie støtte frå opplæringsavdelinga i fylkeskommunen i høve løypekøyning for skilinja idrettsfag ved Voss Gymnas.

- Haukåsen ligg i Kvam og dekker same geografisk område som Sjusete, gjennomfører ingen renn av regional verdi.

Generelt:

Budsjett 2022:	Sum 500 000 kr
Søknadsfrist:	14. september
Vedtak kriteria:	Hovudutval kultur, idrett og integrering 14. september 2022, PS 120/2022
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida - https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/anlegg/tilskot-til-skianlegg-for-langrenn-og-turlangrenn/
Tal på søknadar:	22
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	14
Samla søknadssum:	1 020 000 kr
Samla løyving:	500 000 kr

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3: Saker der utvalet har avgjerdsmynde, kulepunkt 3: fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tildelinga er i samsvar med budsjett 2022, post 460.114, drift av skisenter.

Tilskotet vil vere viktig for drift av skianlegg ettersom denne vil redusere kostnadene til anleggseigarane. Tiltaket kan redusere press på eldsjeler og auke brukaropplevinga, som igjen kan føre til at fleire betaler frivillig løypeavgift.

Klima:

Tiltaket har lite eller ingen påverknad på å redusere klimagassutsleppa. Trakkemaskiner er pr. i dag dieseldrivne, men det grønne skiftet vil nok også påverke behovet for elektrifisering av slik type anleggspark. Mange av skianlegga av ein viss storleik som vi har sett fokus på i saka, har tilsette i ulike stillingsprosentar og ordninga kan føre til at profesjonelle vert leigd inn.

Folkehelse:

Løypeavgift er ei frivillig ordning i anlegga, men der det likevel vert tatt stikkprøvekontrollar om oppmoding å betale. Forhåpentlegvis vil ordninga medføre at frivillig løypeavgift ikkje vert auka og såleis kan redusere sosiale skilnader. Fysisk aktivitet generelt aukar livskvaliteten. Ulike spørjeundersøkingar og offentlege rapportar viser til at godt tilrettelagde friluftslivanlegg, herunder også løypekøyting har stor betydning for hyppighet og lyst til å vere i aktivitet. For nybyrjarar på ski og for personar med nedsett funksjonsevne er det viktig med gode løyper.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støttar opp om fleire av FN s bærekraftsmål, særskild punkt 3, god helse og livskvalitet, punkt 10, mindre ulikskap og punkt 11, bærekraftige byar og lokalsamfunn. I tillegg støttar tiltaket visjonen om å vere nyskapande og punkt 9 i FN s bærekraftsmål.

Tiltaket gir absolutt ein meir verdi for både idrettslivet, friluftslivet og reiselivet i Vestlandet. Fylket kan og vekke nasjonal merksemd blant andre fylkeskommunar og kommunar for å støtte frivilligheiten i frivilligheitsåret 2022.

Konklusjon

Avdelingsdirektør viser til vurderingane i saka og rår til vedtak i tråd med framlegget.